



Instruks om oppgåvegjeving og sensur

Vedtatt av fakultetsstyret 12. mars 2019

Oppdatert 23. april 2024 etter vedtak i Studieutvalget (29/24)

Oppdatert 23. oktober 2024 etter vedtak i Fakultetsstyret (65/24)

Innhold

Instruks om oppgåvegjeving og sensur	1
1. Fastsettjing av oppgåver	2
1.1. Oppgåveutval	2
1.1.1. Utvalet.....	2
1.1.2. Arbeidet i utvalet	2
1.2. Nivå på eksamsoppgåver	2
1.3. Krav til utforming av oppgåver	3
1.3.1. Samanhengen mellom læring og prøving	3
1.3.2. Kl-verktøy	3
1.3.3. Praktiske oppgåver («praktikum»)	3
1.3.4. Andre typar oppgåver («teorioppgåver»).....	3
1.3.5. Fleire oppgåver ved same prøve	3
1.3.6. Faste ordgrenser for eksamensvar på 1. – 4. studieår.....	3
1.4. Arbeidsgruppeoppgåver og storgruppeoppgåver	4
1.5. Obligatorisk kursoppgåve.....	4
2. Moment til vurderinga – sensorrettleiing	4
3. Sensorutval	5
4. Sensur for karakterteljande prøver.....	5
4.1. Tilhøvet til emneskildringane	5
4.2. Faglege kriterier for sensuren	5
4.3. Anonymitet	6
4.4. Gjennomføring av sensuren	6
4.5. Nivåkontroll	7
5. Grunngjeving for sensurvedtak	7
6. Kontrollkommisjon	7
7. Endringar i instruksen her	8
8. Ikraftsetjing.....	8

1. Fastsetjing av oppgåver

1.1. Oppgåveutval

1.1.1. Utvalet

- a) Oppgåver til prøver som er karakterteljande skal fastsetjast av den emneansvarlege etter samråding med oppgåveutvalet.
- b) Oppgåveutval for kvar av dei fire første studieåra er emneansvarleg for det aktuelle emnet, to studentrepresentantar oppnemnde av fakultetet og minst ein seminar- eller storgruppeleiar.
- c) For spesialelemne skal det ikkje vera oppgåveutval. Den emneansvarlege fastset oppgåver for spesialelemne.
- d) Det kan gjerast heilt eller delvis unntak frå krav om studentdeltaking i utvalet dersom eigna studentrepresentantar ikkje kan skaffast.
- e) I særlege høve kan studiedekanen godkjenne unntak frå kravet om oppgåveutval.
- f) Administrativt ansvarleg kallar inn til møta og møter sjølv etter behov.
- g) Medlemmene av oppgåveutval har teieplikt om drøftingane i oppgåveutvalet, og om oppgåveframlegg og fastsette oppgåver.
- h) Om teieplikta og avgrensinga av plikta gjeld elles forvaltningslova §§ 13-13c.

1.1.2. Arbeidet i utvalet

- a) Eit utkast til oppgåve skal leggjast fram for oppgåveutvalet seinast to veker før prøven skal haldast, og oppgåva skal vera endeleg fastsett seinast ei veke før oppgåva skal gjerast kjend. Større endringar i høve til utkastet skal leggjast fram for oppgåveutvalet før oppgåva blir endeleg fastsett.
- b) Oppgåveutvalet skal spesielt kontrollere at oppgåvene er formulerte klårt og eintydig med tanke på fagleg innhald og form for oppgåvesvar, jf. pkt. 1.3.
- c) Der oppgåveutvalet ikkje vert samde, vert avgjerda teken med alminneleg fleirtal. Emneansvarleg har dobbeltstemme.
- d) Sensorrettleiinga skal ikkje utarbeidast endeleg før etter at oppgåveutvalet har godkjend oppgåva. Ei momentliste til vurderinga skal vere tilgjengeleg for studentrepresentantane etter at dei har vurdert oppgåva, før dei gjer greie for erfaringane sine for utvalet.

1.2. Nivå på eksamensoppgåver

- a) Eksamensoppgåver skal utformast under omsyn til emnet si læringsutbyteskildring.
- b) Oppgåve og sensorrettleiing skal utformast med sikte på at studentane sin samla relevante kompetanse, jf. læringsutbyteskildringa, kjem til uttrykk og vert løna.
- c) Det skal takast omsyn til
 - a. den tida studentane har til rådvelde for å svare på oppgåva og eventuell ordgrense for oppgåvesvaret
 - b. kva kjelder/hjelpemiddel som er lovlege på den aktuelle eksamen, herunder særleg om studentane har høve til å bruke KI-verktøy til å svare på oppgåva.
 - c. om eksamen vert gjennomført i kontrollerte omgjevnader («skuleeksamen») eller ikkje.
 - d. kva nivå i studiet oppgåva gjeld for. Faglege og metodiske forventningar skal byggje på studentane sine samla kunnskapar og ferdigheteir.
 - e. om oppgåva skal svarast på i gruppe eller individuelt.
 - f. at vurderinga (sensuren) skal skje i samsvar med dei kvalitative karakterskildringane og "Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag", jf. pkt. b)b).

1.3. Krav til utforming av oppgåver

1.3.1. Samanhengen mellom læring og prøving

Oppgåver som er karakterteljande eller obligatoriske i emnet («obligatorisk oppgåve»), skal i form og innhald byggje på emneinnhaldet.

Det tyder at det kan inngå spørsmål som ikkje har vore handsama i undervisninga. Dette kan vere spørsmål som er dekte av hovudlitteraturen, spørsmål som studentane kan svare på ut frå lovlege hjelpemiddel under prøven, eller spørsmål som stiller krav til sjølvstendig resonnement ut frå læringsmåla til emnet og tidlegare emne.

1.3.2. Kl-verktøy

Oppgåver som Kl-verktøy kan løyse på ein kvalifisert måte, er som regel ueigna for eksamen som ikkje blir gjennomførte i kontrollerte omgjevnader. Den emneansvarlege skal undersøkje dette før oppgåva blir gitt. Det er høve til å gje deloppgåver på ein heimeeksamen som legg opp til at studentane skal bruke Kl-verktøy og kor bruken av Kl er del av vurderinga. Slike oppgåver kan likevel ikkje utgjere meir enn ein halvdel av den samla prøva.

På obligatoriske oppgåver må emneansvarleg ta stilling til om og i så fall korleis studentane skal bruke Kl-verktøy i arbeidet med oppgåva.

1.3.3. Praktiske oppgåver («praktikum»)

- Oppgåver som tek utgangspunkt i eitt eller fleire praktiske tilfelle kan gå ut på å skrive ei nøytral utgreiing, men oppgåva kan også gå ut på å skrive tekstar av andre slag, som skriftleg rådgjeving til ein part, prosesskriv, avtaleklausul, dom, forvaltningsklage, innstilling til forvaltningsorgan, utkast til lovtekst eller forskrift, osb.
- Det skal gå klårt fram av oppgåva kva type tekst det er tale om.
- Studentane skal tidlegare i studiet ha fått høve til å skrive minst ein tekst av det slaget det vert bede om på skuleeksamen.

1.3.4. Andre typar oppgåver («teorioppgåver»)

- Oppgåver som ikkje, eller berre i liten grad, tek utgangspunkt i praktiske tilfelle ("teorioppgåver") kan mellom anna gå ut på å prøve kunnskapar og oversikt, forståing og evne til å sjå og drøfte rettspolitiske spørsmål eller samanhengar og perspektiv i lærestoffet, analyse av ein dom, ei lovføresegn, merknader til eit prosesskriv eller anna.
- Oppgåveteksten bør gje klåre haldepunkt for den nærmare avgrensinga av oppgåvesvaret.
- Ein bør unngå oppgåver som berre gjev korte og stikkordprega overskrifter ("avtalelova § 36", "rettsleg interesse") eller som svarar til bestemte overskrifter i læremiddel.

1.3.5. Fleire oppgåver ved same prøve

Blir det gjeve fleire oppgåver ved same prøve, skal det gå fram om lag kor stor vekt som skal leggjast på kvart av oppgåvesvara, til dømes ved prosentvis fordeling.

1.3.6. Faste ordgrenser for eksamenssvar på 1. – 4. studieår

Studieutvalet vedtok i sak 17/22 å etablere faste ordgrenser for eksamenssvar på 1. - 4. studieår. Ordgrenser for eksamenar med mappevurdering (deleksamenar) som vurderingsform eller eksamenar med kortare/lengre eksamenstid må vurderast for det enkelte emne.

Det vil i særskilte tilfelle, etter søknad til studieutvalet, være mogleg å fastsette andre ordgrenser.

Eksamensform/oppgåvetype	Absolutt ordgrense
4 timers skoleeksamen, Bestått/Ikke bestått	3000
6 timers skoleeksamen, Bestått/Ikke bestått	4000
4 timers skoleeksamen, karakter A-F	3000
6 timers skoleeksamen, 1.-3. studieår, karakter A-F	4000
6 timers skoleeksamen, 4. studieår, karakter A-F	4500
2-5 dagers hjemmeeksamen, karakter A-F	5000
Obligatorisk oppgave – 1. studieår	3000
Obligatorisk oppgave – 2. studieår	4000

1.4. Arbeidsgruppeoppgåver og storgruppeoppgåver

- I alle emna i dei tre første studieåra skal den emneansvarlege seinast to veker før undervisninga startar gjere kjend dei arbeidsgruppeoppgåvene og storgruppeoppgåvene studentane skal svare skriftleg på, saman med ein timeplan som viser tidspunkt for levering av oppgåvesvar og kommentering, og eventuelt fordelinga på individuelle svar og fellessvar. Dette gjeld ikkje oppgåver som er nemnde i punkt 1.3.
- Den emneansvarlege kan endre oppgåvene seinare, og både den emneansvarlege og storgruppeleiaren kan lage tilleggsoppgåver til bruk i storgruppemøte o.l.\
- Ordgrense for arbeidsgruppeoppgåver
 - 1. studieår: 1000 ord
 - 2. studieår: 1500 ord

1.5. Obligatorisk kursoppgåve

I emne med obligatorisk kursoppgåve kan den emneansvarlege sjølv avgjere om oppgåverettarane skal angi sjikt.

2. Moment til vurderinga – sensorrettleiing

- Det skal skrivast sensorrettleiing til alle oppgåver i alle eksamenar. For masteroppgåva vert det vist til [Instruks for veiledning og sensur på JUS399 masteroppgave](#) og [Utfyllande reglar om rettleiing og vurdering - masteroppgåver](#). Det er ikkje krav om sensorrettleiing utover dette for masteroppgåver.
- Sensorrettleiinga skal kort gjere greie for kva slags problemstillingar det er rimeleg å vente at studentane tek opp. Der det finst fleire innfallsvinklar skal minst to av dei nemnast. Vidare skal det gjerast greie for kva grunnlag læringsaktivitetane, hovudlitteraturen og andre læremiddel har gjeve for å svare på oppgåva. Så langt det er råd, bør det òg gjevast retningslinjer for karakterfastsetjinga.
- Ein bør unngå at sensorrettleiinga inneheld ei utførleg framstilling av dei rettsspørsmåla oppgåva reiser eller kan reise, slik at det ikkje vert skapt eit unrealistisk inntrykk av kva som kan krevjast av studentane.

- d) For spesialelemne og andre eksamenar med berre ein kommisjon, er det utarbeidd mal for forenkla sensorrettleiing.
- e) Sensorrettleiinga skal gjerast tilgjengeleg for studentane etter at karakterane er fastsette, jf. universitets- og høyskoleloven § 5-3 nr. 3. Av den grunn skal ho vere utstyrt med opplysning om at ho er innretta mot sensorane og ikkje kan lesast som ein mal for eit godt oppgåvesvar.

3. Sensorutval

- a) Det juridiske fakultet oppnemner eit fast sensorutval for eksamenar i masterstudiet, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 2, delegert etter fullmakt frå Universitetsstyret. Tilleggsoppnemningar kan gjerast av dekanen eller studiedekanen om det trengst.
- b) For å verte godkjend vert det som utgangspunkt kravd eit vekta karaktersnitt på B (ev. 2,65) eller betre. I tillegg vil det samla karakterbildet bli vurdert, særleg med tanke på fordelinga av karakterar over tid og på aktuelle emne.
- c) For å bli godkjend som sensor vert det som hovudregel kravd minimum to års yrkes- og/eller undervisingserfaring. Sporadiske undervisingsoppdrag som rettleiar og/eller oppgåverettar ved lærerstader som tilbyr bachelor- og mastergrad i rettsvitenskap er ikkje tilstrekkeleg til å oppfylla kravet om undervisingserfaring. Eitt års engasjement som arbeidsgruppeleiar ved Det juridiske fakultet vil likevel reknast som eitt år med undervisingserfaring.
- d) Spesialisering og korvidt ein er personleg eigna vert òg teke med i vurderinga.
- e) Tilsette i vitskaplege stillingar kan nyttast som sensorar utan vidare godkjenning av fakultetet.
- f) Den emneansvarlege avgjer kva sensorar i utvalet som skal nyttast ved den einskilde eksamen.
- g) Tilsvarande prosedyre gjeld for oppnemning av oppgåverettarar og rettleiarar og undervisarar. Godkjenning vert gjort separat for kvar kategori.

4. Sensur for karakterteljande prøver

4.1. Tilhøvet til emneskildringane

Føresegne her om sensur for karakterteljande prøver, skal leggjast til grunn der ikkje anna er fastsett i ei emneskildring.

4.2. Faglege kriterier for sensuren

- a) Vurderinga av prestasjonane skal ta omsyn til progresjonen i studiet, og skal skje ut frå innhaldet i emnet, læringsutbyteskildringa, prøvingsforma og det studietrinnet emnet er plassert på.
- b) Vurderinga skal gjerast på grunnlag av følgjande formulering i *Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag*, fastsett av Det nasjonale fakultetsmøtet 24. april 2003:

Måling av juridiske egenskaper og ferdigheter skjer etter en sammensatt vurdering av ulike kvaliteter. Det avgjørende for karakterfastsettelsen skal være totalinntrykket av kandidatens prestasjoner, sett i forhold til oppgaven som er gitt. Ulike besvarelser av samme oppgave kan således ha hver sine sterke og svake sider, og likevel bli ansett som likeverdige ved totalvurderingen. På bakgrunn av dette, angis det ikke fagspesifikke beskrivelser i form av faste regler om hva som kjennetegner det enkelte karaktertrinn eller hvilke egenskaper som teller mest.

Ved vurderingen av hvilke karaktertrinn som skal gis, ut fra de ovennevnte generelle beskrivelsene, vil det legges vekt på følgende ferdigheter i den totalvurderingen som skal foretas:

- Kunnskaper om og oversikt over oppgavens tema og relevant bakgrunnsstoff;
- Evne til å finne frem til og formulere rettslige problemstillinger, herunder skille mellom ulike problemer, prinsipale og subsidiære spørsmål, samt evne til å sette spørsmålene inn i sin rette sammenheng;
- Evne til å drøfte spørsmål på en faglig forsvarlig og skjønnsom måte, og utnytte det foreliggende rettsstoff og faktum i samsvar med fagets metodiske prinsipper. Til dette hører også blikk for hva som er vesentlig i forhold til det som er uvesentlig eller irrelevant, til å skille mellom det sikre og det tvilsomme, samt til å dimensjonere stoffvalg og proporsjoner i besvarelsen fornuftig;
- Blikk for rettspolitiske dimensjoner innenfor oppgavens tema, dog uten å tape av synet grensen mellom vurderingers betydning de lege lata og de lege ferenda;
- Selvstendighet ved evne til å resonner kritisk og uavhengig i forhold til foreliggende læremidler og undervisning;
- Språkbeherskelse, fremstillingsevne, presisjonsnivå og systematisk ryddighet ved skriftlig og muntlig redegjørelse for fagjuridiske emner.

Ferdighetene vil i varierende grad inngå ved den faglige totalvurderingen, og er ikke uttømmende angitt eller prioritert.

4.3. Anonymitet

- a) Oppgåvesvara til karakterteljande prøver, skal vere påførte kandidatnummeret til vedkomande student, men ikkje namnet.
- b) Sensuren skal elles òg - så langt det er fagleg eller praktisk mogleg - gjennomførast slik at studenten sin identitet ikkje er kjend for sensorane, jf. [Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen](#) § 7.7 og [Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet](#) § 3-9 nr. 3.

4.4. Gjennomføring av sensuren

- a) Det vert vist til Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet § 3-9 Alminnelige regler om sensur for formelle rammer for sensuren.
- b) Om det ikkje følger av emneskildringa at vurderinga skal vera Greidd/Ikkje greidd, skal det setjast ein karakter frå A til E for greidd og F for ikkje greidd, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 6.
- c) For kursoppgåver o.l. som blir vurderte saman med ein avsluttande prøve (mappevurdering), skal sensorane ta omsyn til kva stadium i kurset dei er skrivne på, og andre omstende rundt skrivinga (tid til skriving, merknader frå medstudentar og undervisar osb.). At ein eller fleire prestasjonar isolert ikkje kunne ha fått greidd karakter, hindrar ikkje i seg sjølv at det kan setjast ein samla greidd karakter.
- d) Der kursoppgåver og liknande blir vurderte saman med avsluttande prøve, skal desse vere med i vurderinga også i tilfelle av ny avsluttande prøve (kontinuasjonseksemten).
- e) Der eksamen er sett saman av fleire delar som vert sensurerte kvar for seg (eksamensdelar) må alle delane vere bestått før emnet er bestått, jf. § 6.3 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen.
- f) Dersom fleire sensorar deltek i den ordinære sensuren i eit emne, bør kvar sensor ha sensur for minst tjue studentar.
- g) Der fleire sensorar sensurer saman, skal dei setje ein felles karakter. Blir dei ikkje samde, skal den emneansvarlige peike ut en oppmann. For masteroppgåva peikar leiaren for Studieutvalet ut ein oppmann. Oppmannen får all tilgjengeleg informasjon frå sensorane, og fastset ein karakter innanfor dei rammene dei to har sett.

- h) Sensorane kan ikkje nytte Kl-verktøy i samband med sensur av oppgåvesvar. Dette inneber at sensorane til dømes ikkje kan bruke Kl-verktøy for å utforme tilbakemeldingar eller grunngjevingar til studentane. Sensorane skal heller ikkje nytte Kl-verktøy for å identifisere om oppgåvesvar heilt eller delvis er utforma ved hjelp av Kl-verktøy.

4.5. Nivåkontroll

- a) I sensuren av karakterteljande prøver i alle obligatoriske emne skal det gjennomførast nivåkontroll. Dette gjeld ikkje der det berre er ein kommisjon og emneansvarleg sjølv sensurerer.
- b) Nivåkontroll skal òg gjennomførast for klagesensur og sensur av kontinuasjonseksemna i alle obligatoriske emne. Dette gjeld ikkje der det berre er ein kommisjon og emneansvarleg sjølv sensurerer.
- c) Nivåkontrollen skal gjennomførast av emneansvarleg sjølv eller annan lærar som emneansvarleg utpeikar. Berre lærarar som deltok ved undervisning og/eller sensur ved same emne kan utføre nivåkontroll.
- d) Nivåkontrollen ved ordinær sensur skjer ved at kvar sensor sender inn eit oppgåvesvar som ligg heilt i den nedre grensa for kvart karakterintervall, det vil seie ein svak A, ein svak B, ein svak C, ein svak D og ein svak E.
Til nivåkontroll av klagesensur sender sensor inn eit oppgåvesvar som er sett til ein svak C, eit som er sett til ein sterk C og eit som er sett til ein sterk D.
- e) Etter at nivåkontrollen er gjennomført skal kvar enkelt sensor gjere dei endringar i karaktersetjinga som er naudsynte i lys av tilbakemeldingar frå nivåkontrolløren.

5. Grunngjeving for sensurvedtak

- a) Studenten har krav på grunngjeving der han eller ho har bede om det innan ei veke etter at sensuren fell. I nokre emne har fakultetet bestemt at det skal vere samtidig, skriftleg grunngjeving. Der skal grunngjevinga skrivast inn i eksamensverktøyet og vere ferdigstilt samstundes med at sensuren vert ferdigstilt.
- b) **Ordinær sensur med éin sensor**
Sensor grunngjev sensurvedtaket etter førespurnad frå studenten det gjeld eller samstundes med sensuren i eksamensverktøyet. Fakultetet avgjer om grunngjevinga skal vera skriftleg eller munnleg. Der grunngjevinga er munnleg, set sensoren opp ringetid eller annan kontaktinformasjon som høver med studentane sine rettar og med storleiken på kommisjonen.
- c) **Sensur med to sensorar**
Ved klagesensur eller annan sensur med to sensorar, avtaler dei to sensorane kven som gjev grunngjevinga. Det gjeld både munnleg og skriftleg grunngjeving.
- d) **Sensur med kontrollkommisjon**
Der sensurvedtaket er fastsett etter handsaming i klagekommisjon, gjev kommisjonsleiaren grunngjevinga, der ikkje anna er avtalt i kommisjonen.

6. Kontrollkommisjon

- a) Der klagesensuren har gjeve resultat som avvik med meir enn ein karakter frå det opphavlege sensurvedtaket, skal saka handsamast av ein kontrollkommisjon før sensurvedtaket vert gjort kjend, ref. Universitets- og høyskoleloven § 5-3 nr. 6. Se og SU 65/18.

- b) Kommisjonen vert sett saman av opphavleg sensor, ein av klagesensorane og emneansvarleg. Emneansvarleg er leiar for kommisjonen.
- c) Der emneansvarleg har vore sensor for eitt eller fleire av oppgåvesvara, oppnemner studiedekanen ein annan leiar. Det same gjeld der emneansvarleg har vore ein av klagesensorane, og dei bestemmer at vedkommande skal møte i kommisjonen som klagesensor.
- d) Kontrollkommisjonen skal ikkje være samansett av den opphavelege sensoren og de to klagesensorane. Om ein emneansvarleg har vore opphaveleg sensor og ein annan emneansvarleg har vore ein av klagesensorane, oppnemner studiedekanen derfor ein annan leiar.
- e) Sensurfristen for klagesensorane må setjast så kort at det er tid til å halde klagekommisjonar før publisering.

7. Endringar i instruksen her

Fakultetsstyret vedtek endringar i instruksen her.

Studieutvalet kan vedta mindre endringar.

8. Ikraftsetjing

Instruksen trer i kraft frå 1. august 2019. Samstundes vert desse oppheva:

- *Retningsliner for utforming av prøvar i jusstudiet*
- *Retningsliner for karakterfastsettjing*
- *Instruks om oppgåvegjeving og sensur*
- *Retningslinjer for godkjenning og valg av sensorer og undervisere*